

Skuffa Moberg

30.09.2011



Gunn Mari Moberg valnatta, som snudde til skuffelse

Høgreleiar Gunn Mari Moberg i Uskedalen er skuffa over resultatet av forhandlingane og det er også partiet og veljarane som røysta for ei endring i den politiske styringa. Det held ho fram i ein kommentar til det faktum at partiet som vann valet må sitta i opposisjon i nye 4 år

Høgre fekk 11 av dei 35 i det nye kommunestyret. Moberg opplevde siste periode som frustrerande fordi den sitjande koalisjonen var så lite inkluderande.
Sakene var stort sett avgjort før dei kom til kommunestyret.

Difor ønskjer

Moberg no ein koalisjon som er meir inkluderande og innfriar løftet om
å jobba for heile kommunen. Ho håpar også på meir debatt
Men ho tek situasjonen med fatning og trur det blir kjekt trass i alt.
- Vi går inn i dei neste 4 åra med friskt mot, seier ho til
Kvinnheringen

Foto: Ola Matti Mathisen